

Sykkeltest med høg karakter

14.12.2006



Testpersonane har ikkje reagert på den "grøne tunellen" langs fjorden, men etterkvar skal den reduserast. Då det sykla forbi Kvednavikjo, kunne dei enno ikkje nyte dette panoramaet. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Sist sommar har fem syklande personar frå andre stader i landet på tre ulike testpunkt testa sykkelruta Leirvik-Sunde-Rosendal-Matre-Skånevik-Utåker-Leirvik. Dei har vurdert opplevingsverdien og konkludert med å gje totalkarakteren 4 medan 5 er det beste. Testpersonane meiner at dette må vera eit av dei flottaste områda i landet. Det er Syklistenes Landsforbund som står bak testen.

Området har alt, både bre, fjell og fjord, Natur- og kulturlandskapsopplevelinga på denne ruta er stor. Lengre strekkjer vert sykla langs sjøen med mange flotte synsintrykk, til dømes båtar, bukter, naust, sjøboder, fugleliv og lukt av sjø. Elles går turen forbi store jordbruksområde med store flokker av kuer. På fjellet over Matre kom vi forbi ein flokk geiter som gjekk like ved vegen, står det å lesa i rapporten..

Testpersonane sleg fast at det kan gjerast mange flotte avstikkarar undervegs og dei har gjort fleire, til dømes til Guddalstunet og gjennom Herøysund.

Men dei har ikkje sykla opp Uskedalen, dei har halde seg til riksvegen gjennom vår bygd.

Dei har sett svært få tilrettelagde rastepllassar og få tilrettelagte rastepllassar utanom tettstadene, men poengterer at det er mange naturlege rasteplassar undervegs, både ved sjøen og på fjellet.

Testpersonane konstaterer at ruta passar for vaksne turfolk og mosjonistar. Dei peikar på at det er svært få strekkjer med sykkelvegar og fleire bratte og krevjande stigningar og utforkøyringar. Tryggleiken for mindre born er generelt for dårlig.

- Det er mange mogelegheiter for pauser, kulturaktivitetar og bevertningsstader. Sykkelruta har inga skilting for syklistar og få eigne sykkelvegar og turvegar. Men heldigvis er det lite trafikerte vegar og bilane kjem gjerne puljevis på grunn av ferjene, skriv eit av testpara.

Blant aktuelle overnattingsmøgelys som er lista opp i rapporten er både Rabben Camping, Solheim Turiststasjon og Dønhaug Gjestegard. Men i ei liste over attraksjonar er ingen i Uskedalen med.

Av Ola Matti Mathisen